



# Dalen i sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 4.feb 2008

**Myldrekveld fredag.** Velledalen i Balanse (ViB) arrangerer myldrekveld i gamma på Orreneset fredag 22.februar klokka 20.00. Temaet for kvelden vert: Tankar kring notid og framtid i Velledalen. Den nyttilsette samfunnsplanleggjaren i Sykkylven kommune, Njell Hoftun, vert med på myldringa.

Det vert servert kveldsmat – grunn god nok åleine til å møte.

**Fjellsæterrunden søndag 24.februar.** Her er det snakk om eit jubileumsrenn (30 år) ettersom det fyrste rennet vart arrangert i 1978. Det var eit reint bygdarenn med SIL som åleinearrangør. Men alt året etter vart Fjellsæterrunden eit felles løft mellom IIL,HIL,SIL og VIL. Rennet søndag har denne menyen: **Konkurransklasse**, 28 km, start klokka 13.00. **Bedriftsklasse**, 15 km, start klokka 13.00. **Trimklasse**, 10 km, start 10.30-12-30. **Barnas Fjellsæterrunde**, 3 km, start klokka 13.10. To sistnemnde klasser har påmelding renndagen, dei øvrige må melde seg seinast torsdag til Atle Moldestad. Premieutdeling i grendahuset. Ta rennet som ei gjennomkøyring før Det Store Folkerennet 16.mars!

**Sogekveld tysdag 26.februar.** Som vanleg er det kjellarsalen i grendahuset som er samlingsstad. Denne gongen med årsmøtekveld. Det vert servering. ”Avspark” klokka 19.00.

**Nærare samarbeid.** Leiar i ViB, Petter Velle, opplyser at styret vil gå i endå nærare samarbeid med kjeda, for å få ein betre Jokerbutikk. – Mitt inntrykk er at stadig fleire handlar i butikken vår. Starten på det nye året har vore over all forventning. Etter sju veker ligg vi godt føre det nye budsjettet (4 660 000), seier ein optimistisk Petter, samstundes som han opplyser at årsreknskapan for 2007 fyrst ligg føre i midten av mars.

**Korpsjubileum.** Det stundar mot korpset sitt 45 årsjubulum. Dette skal markerast 5.april. På vegne av komitéen, ber Mette Ulvestad om hjelp til fylgjande: har du gamle bilete, eller gamle musikantar liggjande i senga ved sida av deg, så rist støvet av dei. Korpset treng både bilete og musikantar til eit veterankorps på festen. – Ein treng ikkje vere aktiv musikal i dag, og det vil ikkje bli mange øvingar, lovar Mette.

**Årets kommentar.** Dalen i Sentrum (DiS) vil i løpet av året kåre ”årets kommentar” i Velledalen. Pr. 20. februar toppar denne: ” Bøndene i Velledalen vert latare og latare. No sender dei drengane (utlendingar) sine på herretrim” (sagt av Åge Vanebo, februar 2008).

**Tomter til våren.** Norman Hole har hatt møte med teknisk etat om reguleringsplanen for byggefeltet, og han har dette å melde om stoda: -Vi er samde om endringane og det er klart for å gå vidare med arbeidet. Det vil bli søkt om eit rentefritt lån til opparbeiding, dette for å halde tomteprisane på eit anstendig nivå. Dersom det ordnar seg med eit slikt lån, vil der vere fleire byggjeklare tomter til våren ( der er éi i dag – framom Sivert Urke), seier Hole, som i same rennet nemner at firemannsboligen òg er godkjend.

**Meld nytt.** Reknar med at du rett som det er, er inne på [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net). Nytt til Heimesida: [jarle.velledalsportalen@live.no](mailto:jarle.velledalsportalen@live.no) Dalen i Sentrum: [atlehole@online.no](mailto:atlehole@online.no)

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.